



Kvar feriefolk og hyttebuarar skal gjera av bosset sitt, er eit stort problem både her og der i landet. I Uskedalen har det vore løyst med ein containar på Sandakaien og nokre dunkar ved Børnesvegen. Men så var det nokon som ikkje likte containaren og den var flytt innunder grana.

Då fekk problemet ein ny dimensjon. Nokon tykte det var ei uverdigg plassering og containaren hamna i staden ved Børnesvegen. Der står han i dag.

Men det var mange som ikkje visste kvar han var blitt av. Nokon hadde heller ikkje bil. Difor var det mange som la att bosset sitt både her og der. Nokon gjer det framleis, men.

etter kvart har det gått opp for mange kvar containaren er hamna..

Det har hatt den konsekvens at han no er heilt sprengt (sjå biletet).

Kva blir neste løysing?

Dette må vera ei nøtt å knekka for Uskedalen Utvikling, seier fleire til **uskedalen.no**.